

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Sandane næringshage
Dato: 29.11.2016
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Leiar	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	
Gunhild Berge Stang	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 20/2016	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 3/2016	Orienteringssaker		
ST 21/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Instruks for handtering av ulovlege forhold		2016/879
ST 22/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Gjennomførte tiltak i 2016		2016/879
ST 23/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog for 2017		2016/4180
ST 24/2016	Status på arbeidet med besøksstrategi		
ST 25/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2017		2016/879
ST 26/2016	Eventuelt		

ST 19/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 20/2016 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Vedtak

Protokoll frå førre møte vart godkjent. Den vert signert fysisk på neste møte.

RS 3/2016 Orienteringssaker

- **Nasjonalparkkonferanse.**

Verneområdeforvaltar var på nasjonalparkkonferanse i Trondheim 8.-9.november. Styremedlemmar og forvaltarar frå heile landet deltok der. Sentrale tema som vart tatt opp der var besøksstrategi, sårbarheitsanalyser, sykkel i verneområda, ulovlege forhold osv.

- **Delegert mynde**

Miljødirektoratet har delegert mynde til verneområdestyra for nokre av paragrafane i naturmangfaldlova som gjeld sanksjonar mot ulovlege forhold. Vi kjem tilbake til dette i ei eiga sak seinare i møtet.

- **FRU-møte**

Fagleg Rådgjevande utval hadde møte 22.november. Referat frå dette møtet vert sendt til styret når det er klart.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.11.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/2016	29.11.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Instruks for handtering av ulovlege forhold

Forvaltninga av landskapsvernområdet, enten naturoppsyn eller styre, kan kome ut for saker der det er brot på reglane i verneforskrift eller anna lovverk. Eller at det er mistanke om slike brot. Då er det viktig å ha gode rutinar som sikrar at brot på regelverket vert fylgt opp av rette instansar.

Vidare er det viktig for tilliten til forvaltninga og for respekten for lovverket at dei rette reaksjonar og sanksjonar vert tekne i bruk når det er naudsynt.

Naturmangfaldlova har fleire verkemedel som kan brukast ved brot på regelverket. For enkelte av desse verkemedela har nasjonalpark- og verneområdestyra fått delegert mynde til å handheve regelverket og eventuelt sanksjonere i tråd med lova. Denne delegeringa av mynde gjer det ekstra viktig å ha gode rutinar på plass.

Forvaltaren har skrive eit framlegg til instruks.

Styret bør i møtet gjere eventuelle endringar i instruksen og vedta ein instruks som regulerer handtering av ulovlege forhold.

Forvalters innstilling

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek framlegg til instruks for handtering av ulovlege forhold

ST 21/2016 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - instruks for handtering av ulovlege forhold

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek framlegg til *Instruks for handtering av ulovlege forhold*.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.11.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/2016	29.11.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Gjennomførte tiltak i 2016

Nedanfor er det sett opp ei oversikt over tiltak som er gjennomført, eller tildelt midlar, gjennom bestillingsdialogen for 2016. Dette er både tiltak som er gjennomført av forvaltningsstyresmakta og tiltak som andre har hatt regien på, men som har fått støtte frå verneområdestyret sine tiltaksmidlar.

Mange av tiltaka er ferdige. Andre er byrja på men ikkje ferdige. Nokre er tiltak som vert gjennomført kvart år, og nokre vert gjennomført over fleire år.

- Kloppelegging i Nesmarkja (ved Vonavatnet)
- Skjøtsel på Arnestadstøylen
- Utbetre stien til Arnestadstøylen
- Utbetre stien til Breidalen
- Parkeringsplass i Hestedalen
- Parkeringsplassar på Jølster
- Nye skilt i Traudalen
- Bru i Ålhusdalen på Jølster
- Vedlikehalde merkinga av T-merka ruter frå Gloppen til Longevasshytta
- Merking og rydding av stiar i Kandalen-området
- Kloppelegging på stien frå Ryssdalsstøylen til Nesdalen
- Produksjon av trekloppar

Totalt er det brukt om lag 480.000.

I tillegg er det gjort ein flott jobb med steinarbeid på stien opp mot Ryssdalshornet, men dette vart gjort på midlane for 2015.

Tiltak som vi har hatt på lista, men som ikkje har blitt gjennomført:

- Naturhus i Langedalen – Informasjon
- Stien langs Stegsvatnet
- Sti ved Kandalsstøylen/Nesstøylen
- Stien langs Storevatnet

Dette er tiltak som kan vere aktuelle for bestillingsdialog for 2017.

ST 22/2016 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - gjennomførte tiltak i 2016

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom tiltaka som er gjennomført og betalt ut støtte til i 2016, og gjorde greie for dei prioriteringane som har blitt gjort gjennom året.

Vedtak

Styret tok dette til vitande

Arkivsaksnr: 2016/4180-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 23.11.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/2016	29.11.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog for 2017

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2017. I bestillingsdialogen kan det setjast opp tiltak som gjeld skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid. Tiltaka skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane og andre naturverdiar i og rundt verneområdet. Tiltaka skal ha unik prioritering.

Sjå vedlagt liste over aktuelle tiltak.

Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der i bestillingsdialogen for 2017? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltaka

ST 23/2016 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog for 2017

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Vedtak

Styret vedtok følgjande liste til bestillingsdialogen for 2017 (forenkla liste):

Pri	Tiltak	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel - slått på Arnestadstøyle	10 000
2	Fjerning av gran	100 000
3	Geitabykset - utbetring av sti	200 000
4	Stien langs Stegsvatnet	40 000
5	Stien til Arnestadstøyle	24 000
6	Tiltaksplan for stien langs Storevatnet	60 000
7	Skilting	40 000
8	Bruer	50 000
9	Ulike stiltak	50 000
10	Trekloppar	30 000
	Totalt	604 000

ST 24/2016 Status på arbeidet med besøksstrategi

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Verneområdeforvaltaren gjorde kort greie for arbeidet med besøksstrategi og status på den prosessen.

Det har vore jobba med gjennom året, men det har ikkje kome til særleg mykje nytt sidan førre møte. Forvaltaren reknar med at det vert betre tid til å jobbe med dette no framover vinteren.

Vedtak

Styret tok dette til vitande.

Merknadar frå styret til det vidare arbeidet:

- Viktig å få med innspel frå reiselivet i arbeidet
- Forvaltaren kallar inn til eit arbeidsmøte i vinter, for prosjektgruppa og eventuelt andre interesserte frå styret.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.11.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	25/2016	29.11.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2017

Styret bør sette opp og vedta ein møteplan for det komande året.

I 2016 har styret hatt tre møter. Det vanlege har vore tre til fire møter kvart år. Med den forventa saksmengda vil det vere høveleg å halde møteverksemda på dette nivået.

Konkrete datoar er det vanskeleg å sette opp før kommunane og fylkeskommunen har sett opp sine møteplanar for 2017. Når desse er klare er det lettare å finne datoar som ikkje kolliderer. Men vi kan allereie no sette opp omtrent kor tid det skal vere møter.

I samband med besøksstrategien kan ein legge opp til eitt eller fleire arbeidsmøter der ein jobbar med strategien. På slike arbeidsmøter kan det vere valfritt oppmøte.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre legg opp til 4 møter i 2017:

- Arbeidsmøte besøksstrategi i januar/februar
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 2 (prioritering av tildelte midlar) i mars/april
- Styremøte i september
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 1 (for 2018) i november

Datoar for dei enkelte møta vert sett når møtekalendarar til kommunar og fylkeskommune er klare.

ST 25/2016 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2017

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.11.2016

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre legg opp til 4 møter i 2017:

- Arbeidsmøte besøksstrategi i januar/februar
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 2 (prioritering av tildelte midlar) i mars/april
- Styremøte i september
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 1 (for 2018) i november

Datoar for dei enkelte møta vert sett når møtekalendarane til kommunar og fylkeskommune er klare.

ST 26/2016 Eventuelt

Ingen saker